



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru

håp



Kjære 7 åring!

- Vi inviterer deg til Holesanden, for å vere med på ei aldri så lita leiroppleving! Leirdag eller leirdøgn, det bestemmer du sjølv.

kjærleik



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

KUL (kyrkjeleg undervisning og læring) 7 ÅR

Haust 2026

“Kong David og vi”
Hareid Kyrkjelyd



Kjære føresette til ein 7 åring

Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) vil gjerne invitere til leiroppleving for 7 åringen din 22.-23. august.

Vi har leigd Holesandhytta i Snipsøyrdalen slik at vi kan vere saman frå laurdag ettermiddag 22.aug., med høve til overnatting for dei som vil det.

Den som ikkje vil overnatte kan reise heim og kome tilbake søndag morgon.

Frukost kl.08.30

Så skal vi saman med mange andre, delta på gudstenesta på Alskleiva.

Vi tek turen frå Holesanden til Alskleiva som ei pilgrimsvandring med ulikt innhald undervegs.

Du treng å ha med deg dette:

- Sovepose/pute (der er madrasser)
- Toalettsaker
- Kle til å vere ute og inne som passar veret - merk gjerne kleda!
- Sko eller støvlar til å gå på Alskleiva
- Det er IKKJE LOV å ha med mobiltelefon eller mobilklokke.



Vi ordnar med mat og drikke.

Viktig å få melding om ev.allergiar osv.

Det er heilt ok å ha med seg ein vaksen på denne samlinga! Det kan vere eldre sysken (over 15 år), tante/onkel, besteforeldre eller foreldre, men då vil vi ha melding om det i god tid på førehand.

Kva skal vi gjere

Vi møtest laurdag kl.15.00 på Holesanden.

Først skal vi bli litt kjent med kvarandre, leike litt ute og så skal vi gjennom fortelling, leik og forming, lære historia om Kong David frå Bibelen.

Laurdag blir det eit brødmåltid ca.kl.17, og før vi legg oss, skal vi grille pølser ute. Leggetid kl.21.30

GUDSTENESTE SØNDAG

23.aug.er det, tradisjonen tru, gudsteneste på Alskleiva kl.12.00

Alle som vil, kan delta på gudstenesta, og kan gjerne gå saman med oss frå Holesanden ca.kl.09.30.

Vi brukar lang tid og tek det som ei lita pilgrimsvandring med innlagde postar.

7 åringane skal delta med song på gudstenesta.

Etter gudstenesta vert det sal av mat på Holesanden, for dei som ynskjer det.

Leiren kostar kr.200,- og du finn betalingsinfo i påmeldingsskjema

Påmelding er nødvendig innan 20.august

Har du spørsmål kontakt Barbro 92 09 01 74

e-post: barbro.landmark@hareid.kommune.no

Påmelding - KUL 7 år

Det er veldig flott om påmeldinga kan kome seinast 20.aug.
Bruk denne QR koda og du finn påmeldingsskjema og betaling via vipps.

